

## Hogstrekord i Kvinnherad

17.02.2011



Skogbruksjef Terje Natland kjøpar årer (av gran!) av leiar Siri Teigland i småbrukarlaget. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det vart sett ny hogstrekordi Kvinnherad i fjor, som eit resultat av gode prisar. Kvantumet kom opp i 9.100 kubikkmeter medan den tidlegare toppnoteringa var 8.650 kubikkmeter i 2007. Då toppa Kvinnherad også statistikken i Hordaland, men det var ikkje tilfelle i fjor. I 2009 var hogsten heilt nede i 2.650 kubikkmeter som eit resultat av finanskrisa.**



Uskedalsskog etter årtusenskiftet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det var skogbruksjef Terje Natland som kom med desse opplysningane i ei brei orientering om skogbruket i kommunen under årsmøtet i Kvinnherad Bonde- og Småbrukarlag på AFA i kveld. Han trakk også fram eit historisk perspektiv då han konstaterte at den tredje store avskoginga på Vestlandet no er i gang. Den første var skottehandelen og den andre den som vart gjennomført på slutten av 1800-talet.

- Det er no mogeleg å nå ei nettoinntekt pr. kubikk på 100-150 kroner for grana. Det er altså ingen dårleg butikk hvis ein set bort avvirkninga til entreprenørar, men også andre vilkår må oppfyllast, sa skogbruksjefen. Han sikta her mellom anna til at det er vaksen skog, at det er lite skadar, at driftstilhøva er gode, at køyrelengda er moderat og at skurandelen er høg.

Vestlandet har også 2 klare konkurransefordelar og dei er nærliken til sjøen som gjer transporten rimeleg og at skogen er råtefri i motsetnad til i Trøndelag. Godt jordsmonn, ein passande lang sumar og mykje nedbør er 3 andre fortrinn i vårt område.

Akkurat no går det føre seg ei stor drift i Sandvika-området. Natland minna om at ein tredel av det produktive skogarealet på 150 kvadratkilometer i Kvinnherad er gran og det betyr at dei planar som var lagt fram i sin tid er nådd. Men skogbruksjefen beklaga at furua har ein så svak posisjon.

Han hadde også mykje godt å seia om lerka mellom anna fordi ho har stor volum-masse pr. areal, er lett å hogga og er godt eigna til energi.

Om bjørka sa han at ho er etterspurt som råvare. Ein kan lett hogga ho sjølv og det aukar prisen 3 gonger. Men det manglar ein salssentral der folk kan kjøpe bjørk.

Med omsyn til utkøyringa av tømmeret minte Natland om at einskilde kommunale vegstrekningar er ein slem flaskehals. Det er døme på at vegstubar på berre 200 meter kan stengja for transporten.

Av Ola Matti Mathisen